

# Nedre Helland

## HELLANDSKREDET

**Mange bugsar enno då skredet gjekk på NEDRE HELLAND, 14. august 1953 klokka 14.30. Alle busa på eitt bruk og våningsbuset på nabobruket vart øydelagde. Den eine kvinna som var innom bus, kom frå ulukka med skrekken. Det same gjorde dei andre som budde på Nedre Helland; alle oppheldt seg i trygg avstand frå raset.**

I 500 meters høgd oppe i Storfjellet losna ei steinblokk på om lag 10 000 m<sup>3</sup>. I fallet tok ho med seg ei steinrøys 300 meter lenger nede i fjellsida. Denne massen, som dermed vart sett i rørsle, var kring 15 gonger så stor som steinblokka. All denne steinen dundra ned ei 200 meter høg skråning og ut på den flate terrassen der eit 5-10 meter tjukt lag av kampesteinar vart spreidd utover. Rasmassane dekte 45 mål.

Massane som fall ned frå Storfjellet, laga eit enormt brak då dei trefte ura. Rørsleenergien vart overført til ura, som frå før hadde finkorna og vassmetta massar i botnen. Saman strøymde blandinga som ein «steingraut» ned skråninga og ut på terrassen. Då steinrøyken hadde lagt seg, kunne folk sjå naturskaden som var gjord. Dei undre delane av husa var heilt knuste. Øvre hus-



delar, taka medrekna, hadde segla framover med taksteinane på plass! Etter skredet vart bekken som rann langs innsida av terrassen, oppdemd til ein 500 meter lang innsjø i regnvær. To bruk som slapp unna skredet, fekk dermed vatn i kjellarane. Det måtte

grøfting til for å tømme den nye innsjøen.

Også ovanfor Farestveit, lenger oppe i Modalen, er det eit stort eldre fjellskred, Valura. Skredet har gått tvers over dalen, og store steinblokker demmer no opp elva. Skredsåret på nordsida av dalen er tydeleg å sjå.

## SNØSKREDVIFTER OG -GROPER

Om vinteren og våren er delar av vegen langs vestsida av STEINSLANDSVATNET stengd, og trafikken blir leidd gjennom ein tunnel. Tvers over vegen, på nedsida av tunnelen, ligg det då store snøskredvifter. Når snøen smeltar, kan ein sjå vifteforma massar av sand og grus på same staden.

På overflata ligg steinar, tre og røter. Nedanfor viftene er det nokre merkelege groper i vasskanten, med vollar med store steinblokker på utsida av gropene (biletet). Dette er dei einaste formene av sitt slag i Hordaland.

Frå Øvre Helland og innover Steinslandsvatnet. Tunnelen der snøskreda går, ligg om lag midt på biletet, på venstre sida av vatnet.  
(Helge Sunde)



Det er snøskred som gjer det geologiske arbeidet. Skreda losnar frå hengjeskavlar på fjellstupet 900 moh. på vestsida av Steinslandsvatnet og tek med seg lausmassar som har lege i fjellsida, eller som har forvittra laus sidan førre skredet. Skreda stoppar som oftast like ovanfor vatnet, og når snøen smeltar, ligg steinane att. Med åra byggjer det seg opp tjukke skredvifter. Dei største snøskreda har så stor fart at når dei treffer vatnet, forplantar vassstrykket seg ned mot botnen like ved stranda, grev ut 4-5 meter djupe groper og kastar store steinar utover som byggjer opp vollar over vassflata.

(Foto: Inge Aarseth)

